



MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 04.06.2026**Møtestad:** Formannskapssalen 3. et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:26 - 14:00**Behandla saker:** 52 – 73/2026

Møteleiar:	Parti:
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Emil Tetlie Brimsholm	H
Espen Aspenes	FrP
Gustav Bahun	FrP
Helge Steinum	Ap
Jakob Enerhaug	KrF
Laila Marie Reiertsen	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Trine Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Jon-Ivar Revne	INP
Terje Søviknes	FrP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Gustav Bahun	FrP
Jakob Enerhaug	KrF

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Venneslan, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
52/2026	26/5149 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
53/2026	26/5149 Nytt frå administrasjonen
54/2026	26/931 Avkastningsrapport pr april 2026
55/2026	25/19258 Årsmelding 2025 - 3. tertialrapport 2025
56/2026	24/8583 Årsrekneskapen for 2025 Bjørnafjorden kommune
57/2026	24/8583 Årsrekneskapen for 2025 Os Idrettspark Bjørnafjorden KF
58/2026	24/8583 Årsrekneskapen for 2025 Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF
59/2026	26/4464 1. tertialrapport 2026
60/2026	25/25014 Pensjonstenester Fellesordninga - konkurransegrunnlag Mellombels unntatt offentlighet § 5 1. ledd
61/2026	23/4933 Godkjenning av avtale om erstatning etter ugyldige forvaltningsvedtak - Skorpo
62/2026	20/19013 E39 Sveгатjørn - Rådal: Alternativt bompengelopplegg på sideveg
63/2026	25/24893 Kuventræ idrettsplass - utbedring av grunntilhøva
64/2026	25/20451 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO
65/2026	25/19727 Nye omsorgsbustader - Osøyro og Eikelandsosen
66/2026	24/5365 Lokal forskrift om utvida bandtvang for hund - forslag til endeleg vedtak

- 67/2026** 20/14788
Bruk av belønningsmidlar 2026
- 68/2026** 20/14788
Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029 til lokalpolitisk
behandling
- 69/2026** 20/14788
Orientering om Årsmelding 2025 Miljøløftet
- 70/2026** 26/4695
Endring av Forskrift om vass- og avløpsgebyr for
Bjørnafjorden kommune
- 71/2026** 26/5149
Politisk kvarter
- 72/2026** 26/5149
Næringslivets kvarter
- 73/2026** 25/21673
Framlegg til revidert nasjonalbudsjett 2026 og
kommuneopplegget for 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 27.05.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 52/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:26

Ordførar Marie Bruarøy, H foreslo Espen Aspenes, FrP som settevaraordførar.

Votering:

Forslag fremma av Marie Bruarøy, H blei einstemmig vedtatt

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 27.05.2026 blei godkjent.
Saklista blei godkjent.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 27.05.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

53/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 53/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Kommunedirektør Arild M. Steine orienterte om følgjande:

- Særavtale til signering med Helse Bergen
- Gjennomført ei administrativ omorganisering av Innbyggjerservice
- Inngått avtale valgløfte 2027 - KS

Trine Lindborg, Ap oppmoda ordførar om å setta Valgløfte 2027 på sakskartet til kommunestyret etter sommaren.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

54/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR APRIL 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. april 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 54/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. april 2026 frå Norne Securities til orientering.

55/2026 - ÅRSMELDING 2025 - 3. TERTIALRAPPORT 2025

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 02.06.2026 - 26/2026

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 55/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Tenesteutvalet blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

56/2026 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2025 BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Bjørnafjorden kommune sin årsrekneskap for 2025.

Behandling og vedtak i sak 56/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Bjørnafjorden kommune sin årsrekneskap for 2025.

57/2026 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2025 OS IDRETTSPARK BJØRNAFJORDEN KF

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sin årsrekneskap for 2025.
2. Kommunestyret godkjenner at styret i selskapet får fullmakt til å disponere selskapets disposisjonsfond.

Behandling og vedtak i sak 57/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sin årsrekneskap for 2025.
2. Kommunestyret godkjenner at styret i selskapet får fullmakt til å disponere selskapets disposisjonsfond.

58/2026 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2025 OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER BJØRNAFJORDEN KF

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Oseana Kunst og Kultursenter Bjørnafjorden KF sin årsrekneskap for 2025.
2. Kommunestyret godkjenner at styret i selskapet får fullmakt til å disponere selskapets disposisjonsfond.

Behandling og vedtak i sak 58/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Oseana Kunst og Kultursenter Bjørnafjorden KF sin årsrekneskap for 2025.
2. Kommunestyret godkjenner at styret i selskapet får fullmakt til å disponere selskapets disposisjonsfond.

59/2026 - 1. TERTIALRAPPORT 2026

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 02.06.2026 - 27/2026

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unyttet lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

Auka budsjetttramme:	
Sektor Fellesområde	2 352 000
Redusert budsjetttramme:	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unyttet lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.

6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

<u>Auka budsjetttramme:</u>	
Sektor Fellesområde	2 352 000
<u>Redusert budsjetttramme:</u>	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Behandling og vedtak i sak 59/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Tenesteutvalet blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 10:19

Vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unyttet lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

<u>Auka budsjetttramme:</u>	
Sektor Fellesområde	2 352 000
<u>Redusert budsjetttramme:</u>	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale datert 13.5.2026 om erstatning etter ugyldige forvaltningsvedtak og gjev ordføraren fullmakt til å signera avtala mellom Bjørnafjorden kommune, Ternen Eiendom AS og Sjølyst Prosjekt AS.

Erstatninga, kr 750.000, blir finansiert frå konto 25600007 – Kommunestyret sitt disposisjonsfond. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettreguleringar.

Behandling og vedtak i sak 61/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti

Alternativt framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner ikkje avtalen og ber administrasjonen ta saken vidare via forsikringsselskapet. Administrasjonen skal ikkje bruke meir ressursar enn nødvendig på saken.

Behandling:

Ordførar Marie Bruarøy, H foreslo å lukka møte jf. KommuneLOVA §11-5 3. ledd, OffentlegLOVA §23 og ForvaltningsLOVA §13.
Bjørnafjorden formannskap sluttar seg til dette.

Møtet blei lukka kl. 11:10

Møtet blei midlertidig heva kl. 11:24
Møtet blei sett att kl. 11:29

Møtet blei opna kl. 11:32

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei satt opp mot alternativt framlegg til vedtak fremma av Asle Olsen, SV

Alternativt framlegg til vedtak fremma av Alse Olsen, SV fekk 3 stemmer (2AP,1SV) og fall
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 6 stemmer (3FrP, 2H,1KrF) og blei vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 11:35

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale datert 13.5.2026 om erstatning etter ugyldige forvaltningsvedtak og gjev ordføraren fullmakt til å signera avtala mellom Bjørnafjorden kommune, Ternen Eiendom AS og Sjølyst Prosjekt AS.

Erstatninga, kr 750.000, blir finansiert frå konto 25600007 – Kommunestyret sitt disposisjonsfond. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettreguleringar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre støttar ikkje Statens vegvesen sitt framlegg om to-bomsløysing med omvendt timesregel på sideveg til E39 Svegatjørn - Rådal, der det blir innført bompengar for køyring til kommunesenter.
2. Under føresetnad av tilslutning frå Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, ber Bjørnafjorden kommunestyre ordføraren, i samarbeid med fylkesordføraren og ordføraren i Bergen, om å ta initiativ ovanfor samferdsleministeren for å få opna for å fremja sak for Stortinget om reduserte takstar i sidevegsbommene på E39 Svegatjørn-Rådal.
3. Bjørnafjorden kommunestyre legg til grunn at takstane på sideveg bør setjast slik at det blir reell takstreduksjon på sideveg, utan at det blir vesentleg trafikklekkasje til sideveg.
4. Bjørnafjorden kommunestyre viser til at prognosane for inntekter for E39 Svegatjørn-Rådal viser at prosjektet kan nedbetalast raskare enn venta. Reduserte takstar bør ut i frå dette finansierast innanfor gjeldande rammer gitt i prop. 134 S (2013-1014) for innkrevjingstid, og utan auka takstar på E39 ved Endelausmarka.

Behandling og vedtak i sak 62/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti

Alternativt framlegg til vedtak fra SV

1. Det er ikkje lokalpolitisk ønske om å gå inn for Statens vegvesen sitt framlegg til to-bomsløysing med omvendt timesregel på sideveg til E39 Svegatjørn-Rådal, der det blir innført bompengar for køyring mot kommunesenter.
2. Kommunestyret meiner samstundes at alternative løysingar med to-bomssystem, der lokaltrafikk og korte reiser til kommunesentera i større grad blir skjerma frå bompengebelastning, framleis bør vurderast.
3. Kommunestyret ber om at Statens vegvesen i samarbeid med kommunane og fylkeskommunen vurderer alternative modellar for to-bomsløysing som i større grad skjermer lokaltrafikk, samstundes som ein unngår vesentleg trafikklekkasje til sidevegnettet.
4. Kmmunestyre viser til at prognosane for inntekter for E39 Svegatjørn-Rådal viser at prosjektet kan nedbetalast raskare enn venta. To-bomssystem utan kostnad internt i kommunen bør ut i frå dette finansierast innanfor gjeldande rammer gitt i prop. 134 S (2013-1014) for innkrevjingstid, og utan auka takstar på E39 ved Endelausmarka.

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 12:02

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei satt opp mot alternativt framlegg til vedtak fremma av Asle Olsem, SV

Alternativt framlegg til vedtak fremma av Asle Olsen, SV fekk 1 stemme (1SV) og fall.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2AP, 1KrF) og blei vedtatt.

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre støttar ikkje Statens vegvesen sitt framlegg om to-bomsløysing med omvendt timesregel på sideveg til E39 Svevatjørn - Rådal, der det blir innført bompengar for køyring til kommunesenter.
2. Under føresetnad av tilslutning frå Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, ber Bjørnafjorden kommunestyre ordføraren, i samarbeid med fylkesordføraren og ordføraren i Bergen, om å ta initiativ ovanfor samferdsleministeren for å få opna for å fremja sak for Stortinget om reduserte takstar i sidevegsbommene på E39 Svevatjørn-Rådal.
3. Bjørnafjorden kommunestyre legg til grunn at takstane på sideveg bør setjast slik at det blir reell takstreduksjon på sideveg, utan at det blir vesentleg trafikklekkasje til sideveg.
4. Bjørnafjorden kommunestyre viser til at prognosane for inntekter for E39 Svevatjørn-Rådal viser at prosjektet kan nedbetalast raskare enn venta. Reduserte takstar bør ut i frå dette finansierast innanfor gjeldande rammer gitt i prop. 134 S (2013-1014) for innkrevjingstid, og utan auka takstar på E39 ved Endelausmarka.

63/2026 - KUVENTRÆ IDRETTSPLASS - UTBEDRING AV GRUNNTILHØVA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kuventræ idrettsplass vert rehabilitert. Utbedring vert utført med bakgrunn i Multiconsult AS sin rapport av 28.09.2025, med ei prosjektramme på 35,3 mill.kr.
2. Tiltaket vert finansiert med:
0,65 mill.kr frå tilskuddsordning - Fotballens miljøfond
12,07 mill.kr frå ubunde investeringsfond for tidlegare spelemidlar på hovudanlegg og kulturbygg (konto 25300912)
22,58 mill.kr frå spelemidlar som vert henta ut frå Vestland Fylkeskommune i 2026. Spelemidlane må hentast ut før tiltaket kan setjast i gang.
3. Kommunestyre godkjenner at spelemidlar som vert henta ut i 2026 på 22,58 mill.kr vert sett av på ubunde investeringsfond (konto 25300912).
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre nødvendige budsjettreguleringar.

Behandling og vedtak i sak 63/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Framlegg til vedtak frå Espen Aspenes, Fremskrittspartiet

Kuventræ idrettsplass - utbedring av grunntilhøva

- Kommunedirektøren må søkja kostnadsreduserande tiltak i det vidare arbeidet med prosjektet. Dersom detaljprosjektering, anbudsprosess m.m. tyder på overskriding av budsjettamma skal sak fremjast til politisk handsaming.

Behandling:

Prosjektsjef Grete Nesheim svara på spørsmål frå representantane.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Tilleggsforslag fremma av Espen Aspenes, FrP blei vedtatt mot 2 stemmer (2AP).

Vedtak:

1. Kuventræ idrettsplass vert rehabilitert. Utbedring vert utført med bakgrunn i Multiconsult AS sin rapport av 28.09.2025, med ei prosjektramme på 35,3 mill.kr.

2. Tiltaket vert finansiert med:

0,65 mill.kr frå tilskuddsordning - Fotballens miljøfond

12,07 mill.kr frå ubunde investeringsfond for tidlegare spelemidlar på hovudanlegg og kulturbygg (konto 25300912)

22,58 mill.kr frå spelemidlar som vert henta ut frå Vestland Fylkeskommune i 2026.

Spelemidlane må hentast ut før tiltaket kan setjast i gang.

3. Kommunestyre godkjenner at spelemidlar som vert henta ut i 2026 på 22,58 mill.kr vert sett av på ubunde investeringsfond (konto 25300912).

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre nødvendige budsjettreguleringar.

- Kommunedirektøren må søkja kostnadsreduserande tiltak i det vidare arbeidet med prosjektet. Dersom detaljprosjektering, anbudsprosess m.m. tyder på overskriding av budsjettramma skal sak fremjast til politisk handsaming.

64/2026 - ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALE FOR VEST BRANN- OG REDNINGSREGION KO

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

Behandling og vedtak i sak 64/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

65/2026 - NYE OMSORGSBUSTADER - OSØYRO OG EIKELANDSOSEN

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 02.06.2026 - 28/2026

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsofen.

2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsofen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga

skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.

3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandsosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsosen.

2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsosen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.

3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandsosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

Behandling og vedtak i sak 65/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Kommunalsjef Eystein Venneslan orienterte i saka.

Ordførar Marie Bruarøy, H foreslo å lukka møte jf. Kommuneleva §11-5 3. ledd, Offentleglova §23 og Forvaltningslova §13.
Bjørnafjorden formannskap sluttar seg til dette.

Møtet blei lukka kl. 13:15

Møtet blei opna kl. 13:23

Møtet blei midlertidig heva kl. 13:23

Møtet blei sett att kl. 13:37

Votering:

Innstillinga frå Tenesteutvalet fekk 6 stemmer mot 3 stemmer (2AP, 1SV) og blei vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsosen.
2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsosen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.
3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandsosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

66/2026 - LOKAL FORSKRIFT OM UTVIDA BANDTVANG FOR HUND - FORSLAG TIL ENDELEG VEDTAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar lokal forskrift for Bjørnafjorden kommune om utvida bandtvang for hund slik den ligg føre, med heimel i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6, 2. ledd.

Behandling og vedtak i sak 66/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar lokal forskrift for Bjørnafjorden kommune om utvida bandtvang for hund slik den ligg føre, med heimel i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6, 2. ledd.

67/2026 - BRUK AV BELØNNINGSMIDLAR 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at avsette belønningsmidlar kan nyttast til fortau Ferstadvegen, sykkelstrategi og grøn mobilitetsstrategi.

Kommunestyret vedtek at midlane til sykkelstrategi kan nyttast til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Lyseparken - Søfteland.

Kommunestyret vedtak at midlane til grøn mobilitetsstrategi kan nyttast til reguleringsplan for kollektivterminal og fjellhall på Osøyro og eventuelle utgreiingar av mindre tiltak.

Behandling og vedtak i sak 67/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at avsette belønningsmidlar kan nyttast til fortau Ferstadvegen, sykkelstrategi og grøn mobilitetsstrategi.

Kommunestyret vedtek at midlane til sykkelstrategi kan nyttast til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Lyseparken - Søfteland.

Kommunestyret vedtak at midlane til grøn mobilitetsstrategi kan nyttast til reguleringsplan for kollektivterminal og fjellhall på Osøyro og eventuelle utgreiingar av mindre tiltak.

68/2026 - HANDLINGSPROGRAM FOR MILJØLØFTET 2027 - 2029 TIL LOKALPOLITISK BEHANDLING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029.

Behandling og vedtak i sak 68/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2027 - 2029.

69/2026 - ORIENTERING OM ÅRSMELDING 2025 MILJØLØFTET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Årsmelding 2025 Miljøløftet til orientering.

Behandling og vedtak i sak 69/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Årsmelding 2025 Miljøløftet til orientering.

70/2026 - ENDRING AV FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR FOR BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar *Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden* slik den kjem fram av vedlegg til saka.
2. Forskrifta vert kunngjort i tråd med forvaltningslova § 38.
3. Dersom det ikkje kjem høyringsinnspel som krev ny politisk behandling av forskrifta i kunngjeringsperioden, trer endringane i kraft frå 1.oktober 2026, etter endt høyringsperiode (berekna frå 1.juli 2026).
4. Foreslåtte endringar knytt til berekningsgrunnlag for årlege abonnementsgebyr kan ikkje få tilbakevirkande kraft, og bør difor tre i kraft frå 1.januar 2027 samstundes som nytt gebyrregulativ.

Behandling og vedtak i sak 70/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Framlegg til vedtak frå Marie Elisabeth Lunde Bruarøy, Høgre

Forskrift ut på høyring

Bjørnafjorden formannskap vedtek å leggja *Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden* ut på høyring i 6 veker.

Behandling:

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Marie Bruarøy, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap vedtek å leggja *Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden* ut på høyring i 6 veker.

71/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 71/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Aktivitetar/ tiltak for born og unge i Bjørnafjorden sommaren 2026?

Finst det planlagde aktivitetar for born og unge i Bjørnafjorden denne sommaren, utover slike ting som idrettslaga sine fotball/handballskular for dei yngste? Har vi som kommune søkt på midlar som kunne vore brukt til slike aktivitetfremål?

Ser gjennom media at Bergen Kommune har hatt enorm stor pågang og søknader til sine sommaraktivitetar, og då håpar ein jo sjølv sagt at også våre ungdommar i Bjørnafjorden vil kunne ha nokre liknande tilbod.

Har dette vore tema i ungdomsrådet, eller diskutert som ønska tiltak frå t.d Familiens Hus eller Utekontakt/Raudt Team?

Behandling:

Trine Lindborg, Ap fremførte sitt spørsmål til politisk kvarter om "Aktivitetar/ tiltak for born og unge i Bjørnafjorden sommaren 2026? "

Kommunalsjef Line Rye svara på spørsmålet:

Bjørnafjorden kommune har ikkje ressursar til å tilby kommunale aktivitetar på det nivået Bergen kommune har under overskrifta "Aktiv sommer 2026".

Svaret under er utarbeida i samarbeid mellom Kultureininga, SLT-koordinator, Utekontakt og Ungdomsteam.

Nedanfor gir vi ei oversikt over nokre konkrete tilbod. Lista er ikkje uttømmende. Det skjer mykje godt arbeid og gode aktivitetar gjennom private initiativ og frivillige lag og organisasjonar.

Kommunen lyste ut Bufdir midlar hausten 2025. Os Turn var einaste organisasjon som fekk støtte til eit tiltak dei har kalla Aktiv Ferie. Dei får pengar over tre år og 303.000 kroner i 2026 . Søknader frå fleire organisasjonar som søkte om støtte til aktivitetar vart vidaresendt men fekk ikkje økonomisk støtte.

Til info: Staten har endra fleire tilskotsordningar nyleg. Ei rekkje tilskotsordningar som frivillige lag kan søka på er ikkje opne for søknader frå kommunen lengre.

Med tilskot frå ulike kjelder er det fleire tilbod i vår kommune i sommar:

- Feriekubb i Fjorden arena i regi av Fusa frivilligsentral for 1.-6. klasse i veke 26. og 27.
- Friluftsskule på Ramsholmen i regi av Os Rotary i samarbeid med Os Røde Kors og BOF. Målgruppe born 10-13 år i august.

• På Oseana er det film og spelutviklingsverkstad Bakombuzz for ungdom 14.-16. august. I regi av Vestnorsk filmsenter. Gratistilbod til ungdom 16-22 år.

- Ungdom i Aktivitet på Bergstø Gard har aktivitetar gjennom året og gjennom sommaren. Dei har fleirårig tilskot frå Bufdir samt tilskot frå fleire andre eksterne aktørar.

Direkte kommunal aktivitet:

- Ung Arena har ope måndag og fredag kl 12 – 15.30 for heile aldersspennet (13-23) i veke 27 (29 -5 juli) og veke 33 (10 – 16 august) pluss måndag i veke 34 (17 august). Ordinær drift frå og med onsdag 19.08.

• Utekontakten planlegg aktivitet for ungdommar i sommar. Mellom anna grilling, fisketur og andre aktivitetar. Tilbodet går ut via Snapschat kontoen til utekontakten eller er spissa mot aktuelle grupper ungdommar. Erfaringsmessig treff desse tilboda ungdom frå begge sider av fjorden.

- BUA har utvida kapasitet med tre opningsdager på Os og ein dag i Eikelandssosen gjennom heile sommaren.

Det blir laga ein kort film til føresette med ungdom i hus knytt til at sommarferien står for døren. Denne blir filma neste veke og lagt ut etter det. Vil ha fokus på tilgjengelegheit og grenser.

Frå kommunen er det fokus på å få sårbar ungdom i jobbaktivitet. Her er det etablert nye tiltak i samarbeid mellom BUA og Familiens hus; UngJobb (gjennom midlar frå Konfliktrådet) og FikseBUA (gjennom midlar frå Bufdir). Tilsett som allereie er tilsett i BUA skal følgje opp fleire ungdommar som ønskjer deltidsjobb og sommarjobb.

Ungdomsrådet har ikkje løfta spørsmålet om sommaraktivitetstilbod for barn og ungdom, og har så langt ikkje dette som tiltak i sin handlingsplan. Ungdomsrådet behandla saka om tilskot frå Bufdir og innstilte i saka som gav tilskot til Os turn.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

72/2026 - NÆRINGSLIVETS KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 72/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Det er ingen innkomne spørsmål til næringslivets kvarter. Saka utgår

Vedtak:

**73/2026 - FRAMLEGG TIL REVIDERT NASJONALBUDSJETT 2026 OG
KOMMUNEOPPLEGGET FOR 2027**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar informasjon om framlegg til revidert nasjonalbudsjett for 2026 og kommuneopplegget for 2027 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 73/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 04.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva kl. 14:00

Vedtak:

Kommunestyret tar informasjon om framlegg til revidert nasjonalbudsjett for 2026 og kommuneopplegget for 2027 til orientering.